



## Møteprotokoll for Næringsfondsstyret

**Møtedato:** 03.02.2020  
**Møtestad:** Konferanserommet  
**Møtetid:** 09:00 - 10:00

<b>Frammøtte medlemmer</b>	<b>Parti</b>	<b>Rolle</b>	<b>Merknad</b>
Kjetil Eikefet	SA	Ordfører	
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Varaordfører	
Liv Anne Aanesen	SA	Medlem	
Kristin Nåmdal	SA	Medlem	
Håvard Engeseth	SO	Medlem	

<b>Frå administrasjonen:</b>	<b>Funksjon:</b>	<b>Rolle</b>	<b>Merknad</b>
Jo Bjarte Tømmerbakke	Rådmann	Administrasjon	
Ove Sæbø	Assisterande rådmann	Administrasjon	

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
001/2020	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/2020	Godkjenning av møteprotokoll
003/2020	Orienteringssaker
004/2020	Søknad Modalen Røykeri
005/2020	Tilskot frå næringsfondet til kjøp av mjølkekvote for geit GBNR 81/3 Straume

**Notat frå møtet:**

## 001/2020: Godkjenning av innkalling og sakliste

### Behandling:

Håvard Engeseth påpeika at det mangla vedlegg til saka om Modalen røykeri i møteportalen. Assisterande rådmann kopierte desse vedlegga til alle medlemene før saka vart handsama Vedteke samrøystes

### Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

---

## 002/2020: Godkjenning av møteprotokoll

### Behandling:

Vedteke samrøystes

### Vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

---

## 003/2020: Orienteringssaker

### Behandling:

Ove Sæbø orienterte om at det vil kome ein rapport med oversyn over bruk av Næringsfondstyret frå 2018 på neste kommunestyremøte. Håvard Engeseth tok opp at det var ynskjeleg å få tilbakemelding på prosjekt som har fått støtte frå næringsfondet innan vilkårsfristen på 5 år etter tildeling går ut. Assisterande rådmann orienterte om at dette ikkje er rutine no, men at dette kan gjerast i framtida. Næringsfondet stilte seg bak denne endringa i rapporteringsrutiner. Vedteke samrøystes

### Vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

---

004/2020: Søknad Modalen Røykeri

**Behandling:**

Ordfører fremma forslag om å lukke møtet med bakgrunn i kommunelova §11-5 B - med vidare henvising til forvaltningslova § 13, kor forvaltninga er plikta å forhindre at nokon får tilgang eller kjennskap til teiepliktbelagt informasjon. Teiepliktig informasjon i saksdokumenta til denne saka kan ha negativ konkurransemessig betydning for søker. Framlegget om å lukke møtet vart samrøystes vedteke.

Ordfører opna møtet etter debatten, og fremma nytt forslag til vedtak. Framlegget vart samrøystes vedteke

**Vedtak:**

Modalen kommune avslår søknaden frå Modalen røykeri. Avslaget er på grunn av manglande vurderingar og dokumentasjon i søknad og forretningsplan.

---

005/2020: Tilskot frå næringsfondet til kjøp av mjølkekvote for geit GBNR 81/3 Straume

**Behandling:**

Samrøystes vedteke

**Vedtak:**

**Ole Anders Heimdal GBNR 83/1 i Modalen får eit tilskot frå næringsfondet på 75 % av kostnaden på kjøp av mjølkekvote på geit på 35 000 l, avgrensa til kr 656 250,-.**

**Vilkår for utbetaling**

**Tilskotet vert utbetalt på grunnlag av medgåtte dokumenterte kostnader. Før utbetaling skal mottakaren ha levert dokumentasjon eller rekneskap som er spesifisert i samsvar med kostnadsoverslaget. Dokumentasjon skal vera attestert av rekneskapsfører. Utbetalinga må skje innan eit år frå vedtaksdato. Dersom det vert trong for forlenging, kan ein søkja om utsetjing innan fristen for gjennomføring.**

---